

## Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart vedteken mot 13 røyster (FNB, FRP, PP, R, UA).

### Vedtak

Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 170 mill. 2021- kr for heile Kvinnheradpakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 187 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt, og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån.